



Tore Johan Mehl
Løbergstien 14
5073 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/13065 - 20/50494

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
18.08.2020

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 341/14 Skarpneset


Tiltak: naust
Byggjestad: Gbnr: 341/14
Tiltakshavar: Tore Johan Mehl
Ansvarleg søkjar: Tore Johan Mehl

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 02.07.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det skal liggje føre dokumentert rett til å oppføre naust på gbnr 341/3. Du har sendt inn skyldskifta frå 1961 som seier at du har rett til frådelt parsell 341/54. Du skriv at gbnr 341/14 og gbnr 341/54 er samanføyde til eigedommen gbnr 341/14. I matrikelkart ser vi at eigedommen gbnr 341/14 ser slik ut (sjå omriss på farga kart nedanfor):



Du legg ved kart som viser parsell gbnr 341/54 som grenser helt til sjøen. Rett til eigedomsgrense til sjøen må dokumenterast og matrikelopplysningane må endrast. Alternativt kan eigar av gbnr 341/3 samtykke til oppføring av naust på hans grunn.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **19.09.20**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tore Johan Mehl

Løbergstien 14

5073 BERGEN